

FOLKEHØGSKOLERÅDET

Norsk Folkehøgskolelag (NF) • Noregs Kristelige Folkehøgskolelag

Folkehøgskolene
Folkehøgskoleorganisasjonene
Folkehøgskolebladene

J.nr. 177/0017/C.5.09
FHSR-rundskriv 17/00
Oslo 24.08.00

FONDET FOR FOLKEHØGSKOLEN

Det blir med dette lyst ut midlar frå Fondet for folkehøgskolen.

Søknadsfrist 1. november 2000

Søknaden skal sendast : **Fondet for folkehøgskolen
Karl Johans gt. 12
0154 Oslo**

Fondet er skipa av den kapitalen som Vikarkassa til folkehøgskolen hadde til overs etter avviklinga.

Rentene av fondskapitalen kan delast ut til desse føremåla:

- a. Til studiar, utgreiingsarbeid og forsøk som kjem heile skoleslaget til gode.
- b. Til trykking og/eller distribusjon av oppgåver om folkehøgskolen.
- c. Til prisoppgåver som har interesse for folkehøgskolen.
- d. Til andre føremål som kjem skoleslaget til gode, men ikkje til vanlege reise- og studiestipend.

Det vert til vanleg ikkje gjeve stipend til kompetansegjevande utdanning. Til vanleg er stipenda på 5-6.000 kroner.

Styret for Fondet skal ha rapport frå dei som har fått stipend om korleis arbeidet/prosjektet er utført.

Med hilsen for Folkehøgskolerådet

Leon Haugsbø /s/
leder

Odd Arild Netland
sekretær